

# SOSIAL KOMPETANSEPLAN FOR 1.-7.KLASSE I SULDAL KOMMUNE



EMPATI - SAMARBEID - SJØLVHEVDING - SJØLVKONTROLL - ANSVARLEGGJERING

## Dimensjonar i sosial kompetanse

I Kunnskapsløftet (LK06) heiter det at opplæringa skal gi elevane innsikt og mogning til å møte livet sosialt, praktisk og personleg (Generell del). Det blir her teke til orde for at skulen skal arbeida med å utvikla elevane sine sosiale ferdigheiter, og det blir spesifikt peika på at skulen ikkje berre skal arbeida med fag. Skulen skal ikkje berre sjå til at elevane får skulefaglege kunnskapar, men og gjera sitt til at elevane utviklar seg sosialt og personleg. På skulen skal elevane utvikla sosiale ferdigheiter som samarbeid, sjølvkontroll, ansvar og empati for andre. Sosial kompetanse er det omgrepet som best beskriv det skulen og lærarane skal tilføra elevane. Sosial kompetanse er vi alle avhengige av for å kunne delta i sosiale fellesskap (Utdanningsdirektoratet,2012).

Mange skular har nytta dei fem grunnleggjande dimensjonane som Gresham og Elliot har utvikla (1990) i arbeidet med sosial kompetanse. Det har også vi vald å gjera. I tillegg har vi valt å ta med humor og glede som eit eige emne.

**EMPATI** er evna til å setja seg inn i og visa respekt for andre sine kjensler og synspunkt. Denne dimensjonen i sosial kompetanse er vesentleg for å kunne utvikla vennskap og nære relasjonar til andre. Ein godt utvikla empati vil og fungera som ei motvekt mot for eksempel mobbing og vald. Sosial sensitivitet, evna til å fortolka sosiale signal, er ein del av omgrepet empati (Ogden 2001). Empati er ikkje berre ein stabilt nedlagt eigenskap, empati er òg situasjonsbestemt og kan derfor utviklast og endrast. Skal elevane utvikla empati, bør dei òg møte empatiske lærarar og vaksne i skulen.

**SAMARBEID** inneber å kunne dela med andre, hjelpa andre og vera gjensidig avhengige av kvarandre. Ei viktig side ved samarbeid vil dreia seg om å følgja reglar og beskjedar. Samarbeid bør øvast på i realistiske samanhengar, og det må verdsetjast og arbeidast aktivt med.

**SJØLVHEVDING** omfattar å be andre om hjelp, kunne stå for noko sjølv og reagere på andre sine handlingar. Evna til ei god og føremålstenleg sjølvhevding er ofte avgjerande for å kunne delta aktivt i sosiale miljø og fellesskap. I det ligg òg evna til å kunne seia nei til det du for eksempel helst ikkje bør vera med på.

**SJØLVKONTROLL** handlar om å tilpassa seg fellesskapet og kunne ta omsyn til andre. Det vil seia å kunne venta på tur, løysingsorientert og å reagere på erting og kommentarar frå andre utan å ta att, bli sint eller sloss. Sjølvkontroll er med på å regulera tilhøvet mellom kjensler og åtferd og er særleg viktig for å kunne kontrollera impulsar (Ogden2001). I ei viss grad kan sjølvkontroll lærast gjennom kognitive strategiar bygde på blant anna sjølvinstruksjon. Medvit om eigne kjensler og evna til å forstå seg sjølv er viktig her.

**ANSVARLEGGJERING** dreiar seg om å utføra oppgåver og visa respekt for eigne og andre sine eigendelar og arbeid. Det å utvikla evna til å ta ansvar vil ha nær samanheng med å få ansvar gjennom å vera med å bestemma og å ta konsekvensane av ansvaret. Det å ta ansvar handlar òg om evna til å kunne kommunisera med vaksne.

Vi har i arbeidet vårt med å setja opp måla for sosial kompetanse, valt å gjera som Konsmo skole, å dela desse inn etter dei ulike klassestega. Dette trur vi vil gjera det heile meir oversiktleg for brukarane av denne planen.

Vi vil retta stor takk til Konsmo skule som delte planane sine med oss ([www.konsmoskole.no](http://www.konsmoskole.no) )

Biletet på framsida er av elevar frå Vinjar skule.

## Sosialkompetanse plan for 1. trinn

Trinn	Emne	Mål	Kjenneteikn
1. trinn	Empati	Å vera grei mot andre	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven tar andre med i leik.</li><li>- Eleven ler ikkje av andre eller seier noko stygt til andre.</li><li>- Eleven seier i frå til ein vaksen om nokon blir erta.</li></ul>
	Samarbeid	Å vera deltakande i ei gruppe	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven kan sitja ved sidan av andre og arbeida.</li><li>- Eleven leikar med andre.</li></ul>
	Sjølvhveding/ sjølvtilitt	Å vera trygg saman med andre	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven kan gi uttrykk for ulike kjensler, som å vera lei seg, glad eller sint, til ein vaksen (uttrykkjer eigne kjensler).</li><li>- Eleven tør seia noko høgt når grupper er samla.</li></ul>
	Sjølvkontroll/ samhandling	Å ta kontakt med andre på ein god måte	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven kan venta på tur.</li><li>- Eleven kan spørja om hjelp.</li><li>- Eleven rekkjer opp handa når han/ho vil seia noko.</li></ul>

			- Eleven helsar og seier takk
	Ansvarleggjering	Å ta ansvar for å følgja gruppa /skulen sine reglar	- Eleven tek ansvar for skulesakene og garderobeplassen sin. - Eleven følgjer klassen sine reglar.
	Humor og glede	Å uttrykkje glede	- Eleven kan fortelja om noko han/ho gler seg til. - Eleven kan fortelja om noko han/ho synest er moro.

## Sosialkompetanse plan for 2. trinn

Trinn	Emne	Mål	Kjenneteikn
2. trinn	Empati	Å vera ein god medelev.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven seier unnskyld når han/ho har gjort noko gale.</li> <li>- Eleven trøystar når nokon er lei seg./ (Kan kjenna att andre sine kjensler).</li> <li>- Eleven seier hyggelege ting til andre. Gi komplement.</li> </ul>
	Samarbeid	Å vera hjeptam (få hjelp og gi hjelp)	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan jobba saman med meir enn ein</li> <li>- Eleven delar med andre/lånar bort til andre.</li> </ul>
	Sjølvhending/ sjølvtilitt	Å våga å vera seg sjølv	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven ser på den han/ho snakkar med/til. (augnekontakt)</li> <li>- Eleven tør framføra noko for andre.</li> <li>- Eleven tør seia kva han/ho meiner i gruppa.</li> </ul>
	Sjølvkontroll/ samhandling	Å vera venleg. Å respektera når andre seier nei.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven følgjer med når andre snakkar</li> <li>- Eleven godtek eit nei.</li> <li>- Eleven godtek ei unnskylding frå andre.</li> </ul>
	Ansvarleggjering	Å veta kva som er mitt og ditt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven tar del/er med i gruppeaktivitetar.</li> <li>- Eleven spør om lov til å låna ting av andre.</li> <li>- Eleven hjelper til med å rydda, ikkje berre egne ting</li> </ul>

	Humor og glede	Å visa glede	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven kan le når andre fortel noko morosamt.</li><li>- Eleven kan fortelja om noko som gjer han/ho glad.</li></ul>
--	-------------------	--------------	---

## Sosialkompetanse plan for 3. trinn

Trinn	Emne	Mål	Kjenneteikn
3. trinn	Empati	Å ta omsyn til andre	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven ler ikkje av andre når nokon svarar feil.</li> <li>- Eleven viser forståing for andre sine kjensler.</li> </ul>
	Samarbeid	Å kunna arbeida saman med alle i gruppa	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan følgja reglar i ein leik.</li> <li>- Eleven kan venta på tur.</li> <li>- Eleven kan foreslå ein inkluderande aktivitet.</li> </ul>
	Sjølvhovding/ sjølvtilitt	Å vera seg sjølv	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven er stolt av eigen dugleik/ ferdigheit.</li> <li>- Eleven gir ros og kan ta imot ros.</li> <li>- Eleven vågar å gjera feil.</li> </ul>
	Sjølvkontroll/ samhandling	Å vera stille i fellessamlingar/ Å kunne lytta	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven følgjer med når andre snakkar/fortel noko høgt.</li> <li>- Eleven kan oppføra seg rett i ulike situasjonar.</li> </ul>
	Ansvarleggjering	Å kunne samarbeida med andre og retta seg etter fleirtalet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven tek konsekvensen av det han/ho gjer.</li> <li>- Eleven gjer så godt han/ho kan i skulearbeidet.</li> </ul>



	Humor og glede	Å visa glede	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven kan visa glede når han/ho meistrar noko nytt.</li><li>- Eleven blir glad på andre sine vegner.</li></ul>
--	-------------------	--------------	---

## Sosialkompetanse plan for 4. trinn

Trinn	Emne	Mål	Kjenneteikn
4. trinn	Empati	Å kunne setja seg inn i andre sin situasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan kjenna att ansiktsuttrykk og kroppsspråk hos andre.</li> <li>- Eleven kan lytta.</li> </ul>
	Samarbeid	Å kunne godta reglar i frileik	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan tilby seg å hjelpe (barn/vaksne).</li> <li>- Eleven kan bli med i ein gruppeaktivitet/leik som er i gang.</li> </ul>
	Sjølvhedding/ sjølvtilitt	Å våga å vera ærleg og innrømma feil	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan fortelja noko han/ho er flink til.</li> <li>- Eleven kan starta ein samtale.</li> <li>- Eleven kan avslutta ein samtale.</li> </ul>
	Sjølvkontroll/ samhandling	Å halda avtalar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan følgje instruksar/ fullføra oppgåver.</li> <li>- Eleven tålar å tapa.</li> </ul>
	Ansvarleggjering	Å kunne ta ansvar for skulearbeidet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven leverer/gjer arbeidsoppgåvene til rett tid.</li> <li>- Eleven kan ta imot og hugsa ein beskjed.</li> </ul>
	Humor og glede	Å uttrykkja glede	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan fortelja morosame historiar.</li> <li>- Eleven kan fortelja når han/ho blir glad for noko.</li> </ul>

## Sosialkompetanse plan for 5. trinn

Trinn	Emne	Mål	Kjenneteikn
5. trinn	Empati	Å seia hyggelege ting til kvarandre	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven er ein god lyttar.</li> <li>- Eleven forstår at andre kan ha det vanskeleg.</li> </ul>
	Samarbeid	Å ta initiativ	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan diskutera utan å skrika.</li> <li>- Eleven gjer ordenselevstenesta på ein ordentleg måte.</li> </ul>
	Sjølvhending/ sjølvtilitt	Å vera trygg på seg sjølv	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan presentera seg sjølv.</li> <li>- Eleven tek kontakt med andre på ein positiv måte.</li> </ul>
	Sjølvkontroll/ samhandling	Å vera høfleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan ignorera forstyrringar.</li> <li>- Eleven kan ta ei avgjersle/bestemma seg for noko.</li> <li>- Eleven kan bli sint utan at det går ut over andre.</li> </ul>
	Ansvarleggjering	Å bidra til at alle i gruppa trivest	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven taklar å kjeda seg.</li> <li>- Eleven tek avstand frå mobbing</li> </ul>

			<ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven tek ansvar for ro og orden rundt seg</li></ul>
	Humor og glede	Kjenna glede når andre gjer det bra	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven kan le av andre sine vitsar og utspel.</li><li>- Eleven skryt av andre</li></ul>

## Sosialkompetanse plan for 6. trinn

Trinn	Emne	Mål	Kjenneteikn
6. trinn	Empati	Å godta at andre er annleis enn meg	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven har forståing for at ein må ta ulike val i ulike situasjonar.</li> </ul>
	Samarbeid	Å få fram det positive hjå kvarandre	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven gir positive tilbakemeldingar på andre sine handlingar/arbeid.</li> <li>- Eleven lyttar til og aksepterer andre sine meiningar.</li> </ul>
	Sjølvhevding/ sjølvtilitt	Å gjera eigne val	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven handterar gruppepress.</li> <li>- Eleven veit at han/ho betyr noko for seg sjølv og andre.</li> </ul>
	Sjølvkontroll/ samhandling	Å tåla motgang	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven taklar å tapa/ikkje ha rett.</li> <li>- Eleven kan stå imot gruppepress.</li> <li>- Eleven taklar å bli misunneleg.</li> </ul>
	Ansvarleggjering	Å kjenna ansvar for fellesskapet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven fortel ikkje stygge/dumme ting om andre (baksnakkar).</li> <li>- Eleven tek ansvar for skulen sin eigedom (også når han/ho er på skulen på fritida).</li> <li>- Eleven opptrer som ein representant for skulen når skulen har besøk, eller når me er på besøk hjå andre i skuletida.</li> </ul>

	Humor og glede	Å kjenna glede når andre lukkast	- Eleven gir spontan tilbakemelding når andre gjer noko bra/opptrer.
--	----------------	----------------------------------	--

## Sosialkompetanse plan for 7. trinn

Trinn	Emne	Mål	Kjenneteikn
7. trinn	Empati	Å forstå at alle er like verdifulle	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven viser toleranse og forståing for andre sjølv om dei gjer/meiner noko anna enn han/ho.</li> <li>- Eleven er inkluderande.</li> </ul>
	Samarbeid	Å utnytta eigenskapane til kvarandre i ei gruppe	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven taklar å arbeida med oppgåver han/ho ikkje liker så godt å jobba med.</li> </ul>
	Sjølvhovding/ sjølvtilitt	Å vera medviten sine eigne kjensler	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven kan gi uttrykk for ulike kjensler hjå seg sjølv som å vera misunneleg, sjalu, glad, sår, lykkeleg, nøgd, stolt ....</li> </ul>
	Sjølvkontroll/ samhandling	Å løysa konflikhtar med ord og å hjelpa medelevar når dei treng det	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven vågar å vera sjølvstendig.</li> <li>- Eleven kan vera usamd utan å bli ubehageleg eller kranglete.</li> <li>- Eleven kan løyse konflikhtar utan å bruka vonde ord eller vald.</li> </ul>
	Ansvarleggjering	Å ta ansvar for eigne handlingar i faglege	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eleven tek ansvar for eiga læring.</li> <li>- Eleven tek ansvar for korleis han/ho oppfører seg</li> <li>- Eleven veit at det han/ho gjer, kan få konsekvensar for andre,</li> </ul>

		og sosiale sammenhenger	både på godt og vondt.
	Humor og glede	Å kunne le av seg sjølv, ha sjølvironi	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven taklar å ikkje ta seg sjølv så høgtidleg.</li><li>- Eleven kjenner glede ved å gjere noko for andre.</li></ul>